

Innkalling til møte i Gulen kommunestyre 08.05.09

SAKLISTE

13/09	SKRIV OG MELDINGAR
14/09	KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL - GODKJENNING
15/09	KOMMUNAL TENESTEMENY I NAV
16/09	ORGANISERING AV VAKSENOPPLÆRING
17/09	KOMMUNAL KOMPETANSEPLAN 2009-10 FOR SKULE/BARNEHAGE
18/09	NY 30 KV KRAFTLEIDNING MONGSTAD- MATRE-MODALEN - HØYRING
19/09	TILBYGG/OMINNREIING AV KOMMUNEHUSET
20/09	TUSENÅRSSTADEN GULATINGET - VASSFORSYNING
21/09	STATUSRAPPORT UTFØRTE/IKKJE UTFØRTE VEDTAK
22/09	OVERFØRING AV INVESTERINGSPROSJEKT FRÅ 2008
23/09	ØKONOMISK STATUS PR 1. KVARTAL

Stad og tid: Gulasalen, kommunehuset i Eivindvik kl
12.00.

Saksdokument vert lagt til gjennomsyn i
ekspedisjonen

og på www.gulen.kommune.no om lag ei veke før
møtet. Nye saker kan kome til.

Møtet er ope for publikum. Alle er velkomne.

Trude Brosvik
Ordførar

Har vi ein kommuneblomst her i Gulen?

Det er 20 år sidan det vart
bestemt at revebjølla skulle
vere Sogn og Fjordane sin
fylkesblomst. I høve 20-års jubileet har alle
kommunane i Sogn og Fjordane blitt oppmoda
av fylkestyret og Det Norske Hageselskap til å
finne sin eigen "kommuneblome". Difor ber vi om
forslag via e-post, telefon, osv. Alle forslaga blir
drøfta av ein komite, som kjem fram til 2 – 3
blomar. Dette blir sendt inn til ein fylkesjury som
tek ei avgjerd.

Forslag kan sendast til kommunen på e-post:
postmottak@gulen.kommune.no, eller på telefon:
57 78 20 00



KLAFF – INFORMASJON

KLAFF er ei tverrfagleg
gruppe av personar frå
helsestasjon, barnevern og PPT (pedagogisk
psykologisk teneste) som jobbar med barn og
unge i Gulen kommune.



- Vi gjev **råd** og **retteleing**.
- Vi har **teleplikt**.
- Tenesta er **gratis**.

Uroar du deg for eit barn eller ein ungdom i
kommunen?

Dersom du har problemstillingar du ynskjer å
drøfte med nokon, ta kontakt med ein av
personane under.

Drøftingane er anonyme utan samtykke frå den
det gjeld.

Vi har faste møte på skulane, elles møter vi dykk
når det er behov.

Neste møte er **26. mai kl. 13.00 – 14.30** ved
Eivindvik skule, møterom.

Kontaktpersonar:

Helsestasjon:	Hennie	97 97 57 60
Barnevern:	Jane	99 79 21 09
PPT:	Herfinn	97 97 57 63

Forbod mot bruk av eld utandørs


Det er forbod mot brenning i nærleiken av skog
og utmark, i **perioden 15. april til 15.
september**, utan løyve frå brannsjefen.

Det er òg eit generelt forbod mot å gjere opp eld
utandørs under slike tilhøve, eller på ein slik
måte at det kan føre til brann.

Brannsjefen

Omorganisering Sosial og barnevern

Barnevernet er frå 17. mars blitt eiga eining. Me
held til i fyrste etasje på kommunehuset.
Sidan vi er mykje ute, er det lurt å ringe oss på
mobil: Jane 99 79 21 09
Silje 94 81 96 97




VAL 2009

Færre valkrinsar i Gulen frå i år

Valstyret i Gulen har gjort vedtak om å endre talet på valkrinsar i Gulen frå 10 til 5, med skulekrinsane som utgangspunkt, men med Eide som eigen krins. Røystelokala ved stortingsvalet i haust vert såleis i skulebygdene, i tillegg til Eidsbotn grendahus. Valstyret vil kome attende til skyssordningar på valdagen, med sikte på best mogleg valdeltaking.

Jordmorteneste

Gulen kommune har frå 1. april avtale med Masfjorden kommune om jordmortenester. Gravide i Gulen kan ringe Hosteland legekontor på tlf: 56 16 63 00 kvar dag mellom kl. 09.00 – 15.00 for timeavtale. Jordmora vil vere til stades kvar onsdag.

**Samtalegruppe, tannlegeskrekk**

Er du engsteleg for å gå til tannlegen?

Vi prøver no å få i gang ei samtalegruppe for pasientar som er redde for tannbehandling. Dette er eit gratis tilbod som i fyrste omgang blir gitt til pasientar over 18 år. Vi møtes på kveldstid, møtestad avtalast seinare.

Interesserte kan ta kontakt på Tlf: 57 78 42 38

Med helsing
Personalet ved Eivindvik tannklinikk

Info frå skattekontoret

Skatt- og rekneskapsavdelinga informerer om at eigedomsgebyra vert delt i 4 terminar f.o.m. 2009.

Fakturering vil fylgje slikt oppsett i 2009:

Eigedomsgebyr 1.kvartal:	ca 30.04
Eigedomsgebyr 2.kvartal - + eigedomsskatt 1.halvår:	ca 30.06
Eigedomsgebyr 3.kvartal:	ca 30.09
Eigedomsgebyr 4.kvartal - + eigedomsskatt 2.halvår:	ca 30.11

Skatt Vest Gulen

Skatt vest sin representant i Gulen, Liv Marit Kjelby, er med i ei landsdekkjande svartjeneste for Skatteetaten. Skatteetaten sitt felles telefonnummer er 800 80 000. Dette telefonnummeret kan brukarane våre nytte gratis når dei har spørsmål til oss. (Det gjeld eigne satsar for mobiltelefon.)

Frå 1. mai vil vi igjen ha ope mandag, onsdag og fredag kl 09.00 – 15.00.

Vil minne om ordninga med leveringsfritak for sjølvmelding i dei tilfella der skattytar ikkje har endringar på oppgåva dei får tilsendt frå Skatteetaten. Vi minner også om at sjølvmeldinga kan leverast elektronisk på www.skatteetaten.no frå og med 24. mars. Siste frist er 30. april.

GULEN KOMMUNE.....!!!

Ringjer du **57 78 20 00**, treff du til vanleg ein av desse personane i ekspedisjonen:



(Frå v. Christine Loutchan, Henrik Tveit, Torill Westervik og Randi Wergeland.)

Vi vil hjelpe deg så godt vi kan!

Til opplysning

Helsestasjonane står ikkje oppførte i den nye Lions-katalogen.

Helsestasjonane i Gulen:

Eivindvik:	Hennie	57 78 38 30 / 97 97 57 60
	Wenche	57 78 38 08 / 99 20 27 20
Brekke:		57 78 54 47
Byrknes:		57 78 21 25

Nytt frå kulturavdelinga

Arrangement på Tusenårsstaden Gulatinget

- Utandørs gudsteneste 31. mai
- Gulatingsfest 13. juni
- Turbo-rock 20. – 21. juni
- 4H fylkesleir 24. – 25. juli

Dagleg guiding 1. juni – 31. august
Norsk kl. 12, engelsk kl. 13

Gulatinget har fått ny heimeside!
Sjekk ut www.gulatinget.no



Ledig stilling guide/turistvert i Gulen 1. juni - 30. august

Stillinga inneber guiding på Tusenårsstaden Gulatinget i perioden 1. juni – 30. august, og turistvertfunksjon i turistinformasjonen i Eivindvik i perioden 22. juni – 31. august.

Arbeidsomfang

Ca. 5,5 timar pr. dag, måndag – søndag
(1. - 22. juni kun guiding 3 timar pr. dag)

Kvalifikasjonskrav

Vi søker ein positiv, utadvedt og sjølvstendig person som trivs i kontakt med nye menneske. Røynsle frå tilsvarande arbeid er ein fordel. For stillinga vert det krevd gode språkkunnskapar i norsk, engelsk og tysk. Guidinga på Gulatinget føregår på norsk og engelsk, betjening av turistinformasjonen krev i tillegg litt tyskkunnskap. Interesse for historie og kjennskap til Gulatinget er eit føremon. Søkarar må disponere bil/syssel. Opplæring vil bli gjeve.

Send søknad m/ CV innan 15. mai til:

Gulen kommune, 5966 Eivindvik

For meir informasjon om stillinga, kontakt

Anne-Karin Misje

Prosjektleder for Tusenårsstaden Gulatinget

Tlf. 57 78 20 06 / 97 52 40 98

e-post: anne-karin.misje@gulen.kommune.no

web: www.gulatinget.no

Revisjon av "Idrettsplanen" for Gulen



Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet skal reviderast i 2009. Idrettslag, velforeningar og andre samanslutningar som ynskjer å søkje spelemidlar til ordinære anlegg/nærmiljøanlegg, vil vere avhengig av at tiltaka er med i den kommunale planen. (Mindre kostnadskrevjande tiltak er unntekte kravet.)

Kulturkonsulenten oppmodar idrettslag, velforeningar o.l. om alt no å drøfte kva for ulike tiltak ein ynskjer og har behov for i sitt nærmiljø, og få fram gode prosjekt, slik at ein er klar ved oppstart av planarbeidet. Planarbeidet vert varsla nærare ved oppstart.

Oppstart av planarbeid er planlagt i byrjinga av mai 2009. Ny plan må vere ferdig politisk handsaming innan oktober 2009.

For informasjon om retningslinene for tildeling av spelemidlar, søknadsskjema m.m, sjå www.idrettsanlegg.no.

DETTE SKJER I KYRKJA

Gudstenester

3. mai kl. 11.30:

Konfirmasjonsgudsteneste i Mjømna kyrkje

10. mai kl. 11.00:

Konfirmasjonsgudsteneste i Brekke kyrkje

17. mai: kl. 10.00:

Familiegudsteneste i Gulen kyrkje

17. mai: kl. 11.45:

Familiegudsteneste i Brekke kyrkje

21. mai kl. 10.00:

Konfirmasjonsgudsteneste i Gulen kyrkje (Eivindvik skulekrins)

21. mai kl. 12.00:

Konfirmasjonsgudsteneste i Gulen kyrkje (Dalsøyra skulekrins)

24. mai kl. 11.00:

Gudsteneste i Mjømna kyrkje

31. mai kl. 12.00:

Pinsegudsteneste på "Tusenårsstaden"

7. juni kl. 11.00:

Gudsteneste i Gulen kyrkje (Opptak til NRK P1)

14. juni kl. 15.30:

Gudsteneste i Brekke kyrkje



Neste radiogudsteneste

Sundag 7. juni kjem NRK igjen til Gulen kyrkje. Denne gongen gjer dei opptak og gudstenesta vert sendt på radio søndag 9. august kl. 11.00. Vi har generalprøve torsdag 4. juni kl. 20.00. 6. september og 29. november vert det igjen direktesending.

Dugnad på Mjømna kyrkjegard

Laurdag 9. mai kl. 14.00 samlast vi til dugnad på Mjømna kyrkjegard. Det vert rydding, klipping, rensking og raking. Ta med hagereidskap. Helsing Mjømna sokneråd.



Den store valdagen

14. september i år kan du røysta ved tre val: stortingsvalet, soknerådsvalet og bispedømerådsvalet. Demokratiprosessen i Den norske kyrkja inneber at kyrkjevalet i haust gjev medlemene i kyrkja langt større påverknad på kven som skal styra kyrkja i tida framover. Dei 3,1 millionane røysteføre kyrkjemedlemer mottek i august valkort med presentasjon av kandidatane og opplysing om tid og stad for valet. Det vert direkteval på nokre av medlemene til bispedømeråd og Kyrkemøte. Nytt ved årets kyrkjeval er også at du kan røysta same dag som ved stortingsvalet - kyrkjevalet i alle sokn vert same dag og i nærleiken av dei offentlege vallokala (14. september).

Ved årets kyrkjeval vert soknerådsmedlemer berre valde for to år, ikkje for ein fireårsperiode slik det har vore til no. Det vert altså nytt val alt i 2011, - same dag som kommune- og fylkestingsvalet.

Alle desse endringane er steg på vegen mot auka demokrati i kyrkja. Partia på Stortinget samla seg våren 2008 om å leggja til rette for gode demokratiske ordningar som førebuing til å vedta grunnleggjande endringar i tilhøvet mellom kyrkje og stat. Grunnlovsending der paragrafane som regulerer tilhøvet mellom Konge, stat og kyrkje vert endra, kan tidlegast koma etter 2012.

Buss til og frå Sollibotn

Med god hjelp frå ordførar og andre politikarar i Gulen, har no fylkeskommunen ordna det slik at det blir delvis kveldsbuss til og frå Sollibotn.



Frå 1.mai skal det gå buss frå Dalsøyra kl. 17.20 til Sollibotn kl. 18.00, i vekedagane, med retur til Dalsøyra etter ekspressbåten. Det går derimot **IKKJE** buss til og frå Sollibotn kl. 19.00.

Sjå elles i ruteheftet som kjem i slutten av april.

BRUK BUSSEN - DEN KAN BLI HEILT NEDLAGT NESTE GONG FYLKESKOMMUNEN VIL KUTTE UT RUTER.

Eivindvik Næringsutvikling

Oppmoding frå kommunen

Vi har fått meldingar om at plast frå rundballar ligg og sleng rundt omkring.

Vi ber om at bønder i kommunen er flinke til å rydde opp etter seg!

GULATINGSFEST PÅ TUSENÅRSSTADEN 13. JUNI 2009



Her kjem bl.a Micropops, Oppedal Blues Band og Never Mind, forskjellige unge musikk talenter frå kommunen vår, Det vil bli marknadsboder, aktiviteter for store og små. Servering av mat og drikke.

I den forbindelse **TRENG** me fleire frivillige til å hjelpa oss denne dagen. Kanskje **DU** har 1 time eller 2 til å avsjå? Har du lyst til å vere med så



Ring: Kathrine
99 27 04 95 eller
Kristin **41 52 77 13**

**ALDER OG LYTE INGEN
HINDRING**

Brekke – Byrknesøy – Dalsøyra – Eivindvik og omegn

Gulatingets venner

Hinderløype med kjepphestar for paragrafryttarar, kanskje hamnar du i gapestokken!



NAV GULEN



Nytt telefonnummer: 57 01 63 20

Nytt faxnummer: 57 01 63 21

Arbeids- og velferdsforvaltninga i Gulen – NAV Gulen - består av Arbeids- og velferdsetaten og de delene av kommunens tenester som inngår i felles lokale. Den kommunale tjenstemenyen behandlast endelig i kommunestyret 08.05.09. Formålet er å:

- få fleire i arbeid, færre på stønad
- tilpasse tenestene til brukarane sine behov
- få meir heilskapleg og effektiv arbeids- og velferdsforvaltning

Den kommunale sosialtenesta vart innlemma i NAV Gulen frå opning av kontoret 17. mars 2009, men er framleis ei kommunal teneste.

NAV Gulen vil ha sin faste spalte i infoposten.

Reiseoppgjer.

Du sender oss krava dine i posten. Vi sender frikortet heim til deg, og set pengar inn på kontoen din.

Skjema finn du på www.nav.no/helsetjenester/reiseutgifter eller på NAV-kontoret.

Send skjema og bilag til:

NAV reiseoppgjer
Langebruvegen 28
6800 Førde

Pensjon

Din pensjon - betre service på nett

Nettenesta Din pensjon på nav.no er kome i ein ny versjon. No er det blant anna muleg å søkje om alderspensjon frå folketrygda på nett.

- Din pensjon inneheld informasjon og funksjonalitet som gjer det enkelt å følgje med på og planleggje sin pensjonsøkonomi, seier Hilde Olsen, direktør for pensjon og ytelser i Arbeids- og velferdsdirektoratet.

Din pensjon gir direkte tilgang til eigne pensjonsdata frå folketrygda og moglegheit for å berekne alderspensjon i eigen kalkulator.

Tjenesta gir

- oversikt over pensjonsgivande inntekt og pensjonspeng tilbake til 1967
- tilgang til forhåndsutfylte skjema
- oversikt over eventuelle utbetalingar og utbetalingsdatoar
- moglegheit for å endre kontaktinformasjon, inntektsopplysningar og tilleggstrekk
- moglegheit for å kontakte NAV via e-post.

- Ein elektronisk søknad om alderspensjon vil kunne besvarast på få minutt. Men då må saka vere enkel, utan kompliserande forhold som for eksempel utanlandsopphald.

Pensjonskalkulatoren i Din pensjon baserer seg på dagens reglar for alderspensjon. Nye reglar trer i kraft i 2011 og vil omfatte alle som er fødd etter 1944. Det betyr at alle som er fødd før 1944 og som tek ut pensjon ved 67 år, vil få ei rett førebels berekning av sin alderspensjon.

Din pensjon krev pålogging med PIN-kodar frå skattekortet eller PIN-kodar bestilt frå Min side. I tillegg kan du få enidagspassord ved lokale NAV-kontor eller til NAV Kundesenter

Telefonliste, andre bygg

STILLING	TLF.NR	NAMN	E-POST ADRESSE
Gulen sjukeheim			
Sentralbord / Sekretær	57 78 16 00	Margun Takle	margun.takle@gulen.kommune.no
	57 78 16 48		
Einingsleiar GS/Sone Eivindvik	57 78 16 47	Nina Haveland Sleire	nina.sleire@gulen.kommune.no
Langtids-avdeling	57 78 16 25	Laila Arnes	laila.arnes@gulen.kommune.no
Dement-avdeling	57 78 16 30	Oddny Trædal	oddny.tredal@gulen.kommune.no
Rehab.avdeling	57 78 16 33	Joy Palmer	joy.palmer@gulen.kommune.no
Kjøkken	57 78 16 42	Linda Breidvik	
Vaskeri	57 78 16 43	Grethe Ynnesdal	
Vaktmeister	57 78 16 44	Are Hjortland	are.hjortland@gulen.kommune.no
Ergoterapeut	57 78 16 88	Wenche Leite	wenche.leite@gulen.kommune.no
Ergoterapeut	57 78 16 89	Bjørq Nordgulen	bjorg.nordgulen@gulen.kommune.no
Koordinator pleie- og omsorg	57 78 16 86	Miek Norman	miek.norman@gulen.kommune.no
Fysioterapeut	57 78 16 46	Tomas Stølen	
Brekke Bu- og Omsorgssenter			
Soneleiar	57 78 56 67	Mona Hjartholm	mona.hjartholm@gulen.kommune.no
Byrknes Bu- og Omsorgssenter			
Soneleiar	57 78 21 01	Eva Vågheim	eva.vagheim@gulen.kommune.no
Dalsøyra Bu- og Omsorgssenter			
Soneleiar	57 78 31 84	Therese Kielby	therese.asheim@gulen.kommune.no
Eivindvik Bu- og Omsorgssenter			
Avd. sjukepleiar	57 78 43 17		
Brekke barnehage og skule			
Rektor	57 78 54 43	Bodil Bjørlo Takle	brekrek@online.no
Kontor	57 78 54 72		
Barnehagen	57 78 55 08		
Byrknes barnehage og skule			
Rektor	57 78 23 90	Helge Pedersen	byrkrek@online.no
Kontor	57 78 22 70		byrkness@online.no
Dalsøyra Skule			
Rektor	57 78 31 36		
Rektor	57 78 32 80	Agnar Mostrøm	dalsrekt@online.no
Inspektør	57 78 32 05	Trude K. Lihaug	
Dalsøyra Barnehage			
Styrrar	57 78 32 70	Marie Hendrix	mhendr@frisurf.no
	57 78 38 23		
Eivindvik Skule			
Rektor	57 78 43 55		
Rektor	57 78 41 43	Einar Thune	eivrekt@online.no
Kontor	57 78 42 37		
Eivindvik Barnehage			
Styrrar	57 78 41 87	Mona H. Midtun	eivindvik.barnehage@enivest.com